



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/73 - 16/727

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
18.01.2016


Byggesak gbnr 28/80 Kvalheim nedre/Radøytunet - asylmottak - søknad om dispensasjon frå arealføremål - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om mellombels bruksendring av gjestehus/serveringsstad til asylmottak for ein periode av inn til seks år.




Planstatus

Eigedomen ligg i område som etter kommuneplan for Radøy kommune har arealføremål Fritids- og turistnæring.



Eigedomen har etter reguleringsplan for Radøytunet, planid. 12602000000100, arealføremål byggeområde for gjestehus/serveringsstad og spesialområde campingplass. Bygningane som er søkt endra til asylmottak ligg innafør område for gjestehus/serveringsstad.



Bruksendring til asylmottak krev dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan.

Anna

Bygningane er opphavleg oppført som leirstad og er i dag drifta som overnattingsstad, mellom anna med langtidsutleige til gjestearbeidarar. Eigedomen elles er drifta som campingplass med faste heilårs plassar.

Eigedomen grensar i nord-aust til Kvalheim servicesenter som er regulert område for fritids- og turistnæring, og som vert drifta med utleige av hytter/rorbuer, servering og båtutleige.

Det er ca. 2,5 kilometer til tettstaden Bøvågen og ca. 10 km til kommunesenteret Manger. Det er barnehage, borneskule og nærbutikk i Bøvågen.

Søknad om bruksendring er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknad frå nabo.

Foto



Veglova

Eigedomen har avkjørsle til fylkesveg 414. Avkjørsle til fylkesveg følgjer av reguleringsplan.

Frist

Kommunane er i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 22.10.15 oppmoda til rask handsaming av saker som gjeld etablering av asylmottak. Det fremgår av brevet at «*Statlige instanser som skal høres i forbindelse med dispensasjon fra plan, må akseptere at det gis korte frister for uttale*».

Frist for uttale vert sett til **1 veke. Uttale må liggje føre innan 26.01.15.**

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
B3 følgebrev

Kopi til:
Enehaug Arkitekter AS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Statens vegvesen Region vest

Postboks 7310
Askedalen 4

5020
6863

BERGEN
Leikanger